

Tor Nesse
Hundvinsvegen 86
5956 Hundvin

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/6364 - 22/75778

Sakshandsamar:
Svein Arne Vågane
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:
04.10.2022

Løyve til å byggje landbruksveg - Bromdalsvegen - på gbnr. 56/12 i Alver.

Administrativt vedtak: Saknr: 1075/22

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar gjev Alver kommune Tor Nesse løyve til å byggje omsøkt landbruksveg på gnr. 56, bnr. 12 Hundvin i Alver.

Vilkår:

- Om det kjem fram kulturminne under arbeidet må alt arbeid stoggast og Vestland fylkeskommune, kulturavdelinga varslast.
- Vedtaket er gyldig til 01.11.2025 og tiltaket må vere ferdig innan 01.11.2026.

Om ikkje arbeidet er sett i gong innan frist for løyvet, fell løyvet bort jf. landbruksvegforskrifta § 3-2.

Saka gjeld

Tor Fosse søker om å byggje landbruksveg i vegklasse 8 – enkel traktorveg. Vegen vil verte knappe 800 m og dekningsområde er på 140 daa. Uttak skog vert 500m³.

Vegen er kostnadsrekna til om lag kr 50.000. Store delar av vegen er alt bygd og uttak av skogen er i grove trekk gjennomført. Terrenget er lett jamna til. Det er ikkje etablert massetak eller køyrt til eksterne masse til veganlegg. Delar av vegen er alt bygd og hogst føreteke.

VURDERING:

Formålet med landbruksvegforskrifta er å sikre at planlegging og bygging av landbruksvegar skjer på ein måte som gjev best moglege heilskapsløysingar. Samstundes skal det leggjast vekt på omsynet til miljøverdiar som naturmangfold, landskap, kulturminne og friluftsliv, omsynet til fare for flaum, erosjon og lausmasseskred og endeleg andre interesser som vert råka av vegframføringa.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Vegen gjev tilkomst til og rasjonell hogst av skog på eigen eigedom og er såleis i tråd med føremålet.



Fig. 1. Der vegen alt er bygd, har den enkel standard og nokre utbetringar krevst mellom anna i høve grøfting.

Prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg lagt vekt på berekraftig bruk og vern av naturmangfold der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden, men og i ein større samanheng. Kommunen har mellom anna søkt i naturbasen (via gardskart) og artsdatabanken. Det er ikkje gjort funn i traséen eller området i nærleiken. Men eit stykke unna, ved sjøkanten, finn ein Lindåsfjorden og Lureosane naturvernområde.

Søknaden har vore sendt på høyring til Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland og Alver kommune, kultur.

Vestland fylkeskommune kan ikkje sjå at traséen kjem i direkte konflikt med kjende automatisk freda kulturminne. Sør-aust for det omsøkte tiltaket på innmarka til bnr. 17 og 12, er det registrert tre gravminne, men potensialet for funn av automatisk freda kulturminne i det aktuelle området vert vurdert som låg. Fylkeskommunen har difor ingen avgjerande merknader utover at ein under arbeidet søker å unngå inngrep/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter med meir.

Fylkeskommunen syner òg til meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2.ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under arbeidet, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune. Alt arbeid må då

stoggast til rette forvaltningsmynde har vurdert funnet. Eventuell gransking vil verte gjennomført mindre enn 3 dagar etter melding om mogleg funn.

Statsforvaltaren har vurdert både miljø- og landbruksinteressene. Statsforvaltaren har ingen merknad til søknaden.

Heile veganleggset opp i bnr. 12 (inkludert tilkomstveg) og det er ikkje naudsynt med å avklare privatrettslege tilhøve.

Etter ei samla vurdering finn kommunen at søknaden kan komast i møte.

Regelverk

- Forskrift om planlegging og bygging av landbruksvegar.
- Naturmangfaldslova
- Forvaltningslova

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagan er postlagt innan fristen går ut. Klagan skal sendast skriftleg til kommunen. I klagan skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagan skal grunngjenvært.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «22/6364»

Med venleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Tor Nesse

Hundvinsvegen 86

5956

Hundvin